

Stort & Smått

Organ for Velledalen IL – nr. .2 .2008



Nytt og gammalt. Litt av det som kjem i denne utgåva har tidlegare stått på nettsida til VIL. Når vi likevel tek det med er her det av omsyn til dei som ikkje har tilgang til sida. Og det har hendt mykje på idrettsfronten siste tida.

Barnas Fjellsæterrunde samla i 33 deltakarar i ruskevêr. Åtte av desse kom frå VIL, flott! Berre SIL hadde fleire med elleve deltakarar. Men vurdert ut frå medlemsmasse ”stiva” vi dei med klar margin. Desse representerte VIL: Anette Fet, Erlend Lade Sæther, Robin Jørgensen, Omran Samar, Simon Skylstad Hole, Sofie Skylstad Hole, Kristen Andre Tandstad og Annika Lyngvær

Stian sterkast. Stian Mork gjekk raskast av VIL sine fire deltakarar i lengste løypa (28 km) under årets Fjellsæterrunde. Han fekk sluttida 1.23.29, som heldt til andre plass i klasse 26-30 år. Ole Johnny Myrseth vart nummer to i klasse 31-35 år med tida 1.31.30 Svein Arne Nakken vart nummer to i klasse 41-45 år med 1.24.26, og Bård Per Erstad nummer fire i klasse 61-65 år med 1.33.47. Godt jobba av samtlege ! I lengste løypa hadde Stranda og VIL flest deltakarar med fire kvar.

Kenneth nummer to. Kenneth Fet kom på andre plass i Fjellsæterrunden sitt distanserenn for ungdom. Han brukte 44.22 på den 15 kilometer lange løypa. Simon Tomren (Tomrefjord) vann på 42.00

Tredjeplass til tremannslaget. Resultatliste beste tremannslag under Fjellsæterrunden (lang løype)

1. Stranda IL 4.05.03 2. Valldal IL 4.06.23 3. Velledalen IL 4.19.25
4. Geiranger IL 4.25.40

Jan til VM. Jan Ringseth reiser neste veke til Finland der han skal delta i veteran-VM i hopp saman med tre andre sunnmøringar. Renna går i fleire bakkestorleikar, men vår mann skal delta i 40-og 50 meters bakkar. Vi ynskjer Jan lukke til i begge renna.

Svein til Sverige. Gyls-Svein (Svein Arne Nakken) debuterer komande helg i den svenske styrkeprøva Vasaloppet (90 km) Han vert dermed den andre frå VIL som går rennet. Terje Aurdal vart den fyrste.

Pensjonistane vann sildedagen. Her kjem resultatlista frå sildedagen, arrangert 14. februar.

1.Pensjonistane 124 betalande 2. Øvrige vaksne 117 bet. 3. Born 30 bet.

Samla 281 personar, 51 personar over den gamle rekorden frå 2007. Håper det smakte !!

Sverre spring fort på Austlandet. Han er no godt over halvferdig med Romerikekarusellen. Sist han var i aksjon var på Årnes, ca tre kilometer, med andre plass i klasse 40-44 år som resultat. Totalt vart han nummer fire av 106 deltakarar med tida 10.29, i eit løp der klassevinnaren hadde 10.14 og totalvinnaren 9.46. 1.mai håper alle i VIL på debut for Sverre i Konradløpet.

Seks medaljar. VIL tok seks medaljar under ungdoms-KM i innandørs-friidrett nyleg.

Christina Holmberg gull på 800 meter med tida 3.06.11

Ellen Marie Hole bronse i lengde (4-09) og sølv på 40 meter (6.35)

Hilde Riksheim Tandstad bronse i lengde (4.40), bronse på 40 meter (6.20 i finalen, 6.12 i forsøket) og sølv på 800 meter (2.45.42) – eitt hundredel sekund frå gull!

Hugs Folkerennet. Lavterskelskirenn der nytinga på matstasjonen er like viktig som farta i løypa. To løypelengder. Kortaste veg rundt Nysætervatnet (10 km) for dei spreke

Rundt Sætervatnet (3 km) for born/ pensjonistar og andre som synest det er nok

Datoen er 16.mars (Palmesundag) klokka 13.00 - Fellesstart



Fjellsæterrunden 2008, Sofie Skylstad Hole



Fjellsæterrunden 2008, Svein Arne Nakken med Ingvald Knivsflå (Geiranger) på hjul.

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.